

## Åpning av det 154. storting

President: Dag Terje Andersen

Mottatt av den dertil oppnevnte deputasjon innfant Hans Majestet Kongen, Hennes Majestet Dronningen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen seg *fredag den 9. oktober kl. 13* i stortingsalen, ledsaget av Regjeringens medlemmer og en prosesjon av sivile og militære embetsmenn.

Forsamlingen sang første vers av «Kongesangen».

*Hans Majestet Kongens* tale til det 154. storting ved dets åpning:

Ære President, Folkets representanter.

Jeg hilser Stortinget velkommen til ansvarsfullt arbeid og ønsker at det må bli til gagn for fedrelandet.

Regeringspartiene fikk flertall ved årets stortingsvalg. Regjeringen vil på grunnlag av dette fortsette sitt arbeid. Regjeringen vil basere sitt arbeid på den politiske plattformen som Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet presenterte på Soria Moria 7. oktober.

Regeringens politikk bygger på fellesskap, verdiskaping og rettferdighet. Regjeringen vil føre en politikk for arbeid til alle, mer kunnskap og bedre lokal velferd. Arbeidet for å unngå farlige menneskeskapte klimaendringer vil stå sentralt.

Regeringens politikk skal reflektere og respektere mangfoldet, samtidig som den skal ta med seg grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon.

Rejeringen vil slå ring om den norske samfunnsmøllen med aktivt folkestyre, høy yrkesdeltakelse, gode offentlige velferdsordninger for alle og et nært samarbeid mellom staten og partene i arbeidslivet.

Rejeringen bygger sin politikk på oppslutning om FN og folkeretten, medlemskapet i NATO, EØS-avtalen og at Norge ikke er medlem av EU.

Utenrikspolitikken skal prioritere norske interesser og områder der Norge har forutsetninger for å gjøre en forskjell. Samtidig skal den bidra til å fremme internasjonale fellesgoder og bygge en bedre organisert verden.

Nordområdene er Regjeringens viktigste strategiske satsingsområde i utenrikspolitikken.

I forrige stortingsperiode nådde vi det historiske målet om at vi skal bruke 1 pst. av BNI på utvikling og bistand. Regjeringen vil at bevilgningene til utviklingssamarbeid skal holdes over 1 pst. av BNI.

Langtidsplanen for Forsvaret ligger til grunn for Regjeringens politikk.

I de pågående WTO-forhandlingene vil Regjeringen arbeide for å fremme norske interesser. Regjeringen vil bidra til at fattige land sikres mulighet og evne til produksjon, utvikling og deltagelse i verdenshandelen.

Den internasjonale finanskrisen brakte verdensøkonomien inn i den kraftigste nedgangen siden annen verdenskrig. Det er imidlertid tegn til at nedgangen er i ferd med å stoppe opp, og det ventes oppgang gjennom 2010. For

store deler av norsk økonomi, særlig eksportindustrien, vil 2010 fortsatt kunne bli krevende. Regjeringen vil derfor følge utviklingen nøyde.

Regjeringen vil føre en finanspolitikk som bidrar til en stabil økonomisk utvikling både på kort og lang sikt. Regjeringen legger til grunn handlingsregelen for budsjett-politikken.

Regjeringen vil prioritere fellesskap framfor skattekutt. Regjeringen vil i kommende stortingsperiode videreføre det samlede skatte- og avgiftsnivået som i dag. Innenfor dette nivået er det rom for å skape en bedre fordeling.

Regjeringen vil utvikle miljø- og klimastrategiene for Statens pensjonsfond – Utland.

Regjeringen vil føre en næringspolitikk som legger til rette for et nyskapende, kunnskapsbasert og miljøvennlig næringsliv i hele landet. Regjeringen vil satse videre på de områdene der vi har spesielle forutsetninger for å være gode.

Landbruket spiller en viktig rolle for bosetting og syselsetting i store deler av landet. Regjeringen vil videreutvikle inntekts- og velferdspolitikken i landbruket fra forrige periode.

Norge har særegne muligheter knyttet til vår plass i nord og ved kysten. Norge skal være verdens fremste sjømatnasjon. Derfor vil Regjeringen styrke den marine forskningen.

Rejeringen vil sikre gode kommunikasjoner i hele landet og øke satsingen på samferdsel i tråd med Nasjonal transportplan. Regjeringen vil fortsette arbeidet for å øke mobildekningen og for å tilrettelegge for bredbånd med tilstrekkelig kapasitet.

Rejeringen vil forbedre, forsterke og fornye de offentlige velferdsordningene for at de skal være bærekraftige i en tid hvor særlig de demografiske utfordringene blir store.

Rejeringen vil ikke privatisere eller kommersialisere grunnleggende velferdstjenester. Regjeringen vil videreutvikle samhandlingen mellom offentlig sektor og frivillige aktører og ideelle organisasjoner.

Rejeringen vil i samråd med kommunesektoren sikre en robust og bærekraftig kommuneøkonomi. De samlede ressursene skal brukes slik at tjenestetilbuddet kan styrkes, kvaliteten forbedres og vedlikeholdet ivaretas.

Rejeringen vil sikre likeverdige levekår og ta ressurse i hele landet i bruk. Regjeringen vil opprettholde hovedtrekkene i bosettingsmønsteret for å videreføre og videreutvikle det mangfoldet i historie, kultur og lokal vekstkraft som ligger i dette.

Arbeid til alle er et hovedmål for Regjeringens politikk. Det er viktig å unngå at høyere ledighet forplanter seg til langtidsledighet og utstøting.

Et godt samarbeid mellom partene i arbeidslivet og offentlige myndigheter legger grunnlaget for et velfungerende arbeidsliv. Regjeringen vil sikre og styrke arbeidstakernes rettigheter.

Rejeringen vil be partene avklare om det er grunnlag for et særskilt likelønnsløft i offentlig sektor, samt utarbeide et forslag til hvilke grupper som skal omfattes av dette. Videre må partene utforme nødvendige og tilstrekkelige mekanismer for å oppnå en varig utjamning og for

at en slik utjamning kan skje innenfor ansvarlige rammer i det enkelte lønnsoppgjør, slik at det norske systemet for lønnsdannelse ikke svekkes.

Regjeringen vil i løpet av perioden legge fram forslag til tiltak for bedre fordeling og bekjempelse av fattigdom, spesielt blant barn, og styrke barnevernet i kommunene.

Regjeringen vil gjennomføre pensjonsreformen slik som forutsatt i Stortingets brede pensjonsforlik i 2005 og 2007.

For å sikre et godt helsetilbud til alle kreves en sterk offentlig helsetjeneste der sykehusene i det vesentlige er eid og drevet av det offentlige, med private virksomheter og avtalespesialister som nyttige samarbeidspartnere.

Regjeringen vil styrke sykehusenes økonomi og gjennomføre samhandlingsreformen. Dagens desentraliserte sykehustilbud skal opprettholdes.

Regjeringen vil følge opp eldreforliket i Stortinget om Omsorgsplan 2015, bl.a. ved å sikre full sykehjemstekning innen 2015 ved at alle som trenger sykehjemsplass eller omsorgsbolig, skal få dette.

Regjeringen vil legge til rette for at flere eldre og funksjonshemmede kan bo hjemme.

Regjeringen vil styrke innsatsen på rusområdet ytterligere.

Regjeringen har som en av sine viktigste prioriteringer å satse på utdanning, forskning og kunnskap.

Regjeringen vil sikre fortsatt full barnehagedekning, og legge vekt på å utvikle kvaliteten i barnehagetilbuddet.

Regjeringens hovedprioritet for å få en god skole er å få flere og godt kvalifiserte lærere inn i skolen. Regjeringen vil starte arbeidet for å endre opplæringsloven for å sikre en maksimumsgrense for tallet på elever pr. lærer på hver skole.

Regjeringen vil innføre gratis timer i SFO for å legge til rette for leksehjelp, fysisk aktivitet og mulig samarbeid med kulturskolen.

Regjeringen vil i større grad legge til rette for samarbeid og arbeidsdeling i universitets- og høyskolesektoren for å styrke utdanningstilbuddet i hele landet og øke antallet studieplasser.

Klimaendringene er en av vår tids største utfordringer. Norge skal være et foregangsland i miljøpolitikken. Hensynet til miljø må være gjennomgripende i alt vi foretar oss.

Klimatoppmøtet i København i desember blir en viktig milepæl i arbeidet med å redusere de globale klimagassutslippene.

Regjeringen vil arbeide for en klimaavtale som forplikter de rike landene til å betale både for egne utslippsredusjoner og bidra til å finansiere utslippsredusjoner i fattige land.

Regjeringen vil sikre at truede arter og naturtyper gis vern eller tilstrekkelig beskyttelse, slik at våre etterkommere kan oppleve det samme naturmangfoldet som vi kan. Skogvern skal så langt som mulig baseres på frivillig vern.

Hovedtrekkene i stortingsforliket om rovviltpolitikken fra 2004 skal videreføres. Regjeringen vil foreta en ny vurdering av bestandsmålene for ulv og bjørn og invitere Stortinget til et bredt forlik om disse bestandsmålene.

Norge skal være en miljøvennlig og verdensledende energinasjon, og den fornybare energiproduksjonen skal økes betydelig.

Regjeringen vil sammen med Sverige innføre ett felles elsertifikatmarked fra 2012 og fremme forslag om en overgangsordning fram til et slikt system er på plass.

Regjeringen vil følge opp bioenergistrategien og sikre målrettet og koordinert virkemiddelbruk for økt utbygging av bioenergi.

Verdiskapingen, sysselsettingen og kompetansen i petroleumsnæringen skal holdes på et høyt nivå.

Regjeringen vil opprettholde leteaktiviteten etter olje og gass, og at oljeindustrien må få tilgang til interessante letearealer.

Det vil ikke bli åpnet for petroleumsaktivitet utenfor Lofoten og Vesterålen i denne stortingsperioden. Regjeringen vil ta stilling til hvorvidt det skal gjennomføres en konsekvensutredning for petroleumsvirksomhet i forbindelse med revideringen av forvaltningsplanen i 2010.

Regjeringen vil oppfylle Kulturløftet, noe som innebærer at 1 pst. av statsbudsjettet skal gå til kultur innen 2014. Kulturløftet II ligger til grunn for Regjeringens kulturpolitikk framover.

Regjeringen ønsker å vitalisere samisk språk, kultur og nærings- og samfunnsliv og vil støtte opp om sameenes muligheter til å fungere som ett folk på tvers av landegrensene.

Det skal føres en helhetlig kriminalpolitikk for å forebygge bedre, oppklare mer og reagere og rehabiliterere mer effektivt.

Regjeringen vil øke politibemanningen ved å sikre fortsatt høyt opptak av politistudenter og fortsette arbeidet for å få et mer synlig og tilgjengelig politi.

Regjeringen vil føre en konsekvent, rettferdig og rettsikker flyktning- og asylpolitikk.

Regjeringen vil redusere antallet personer uten behov for beskyttelse som søker asyl i Norge.

Norsk praksis skal i hovedtrekk samsvare med praksis i andre sammenlignbare land.

Regjeringen ønsker å bidra til at Norge er et inkluderende samfunn.

En sterk velferdsstat bidrar til god integrering. Barnehageplass til alle, en god offentlig fellesskole, trygge helse- og omsorgstilbud, en sosial boligpolitikk og en mangfoldig kultursatsning er derfor viktig for å lykkes i integreringsarbeidet.

Regjeringen vil følge opp handlingsplanen for universell utforming og økt tilgjengelighet.

Regjeringen vil legge til rette for og bidra økonomisk til et mangfold av religions- og livssynsutøvelse i Norge.

Regjeringen vil legge til rette for at Den norske kirke fortsatt kan være en åpen og inkluderende folkekirke. Kirkeforliket skal følges opp.

Regjeringen vil bygge videre på de omfattende planeiene som ble lagt fram i forrige stortingsperiode og de brede forlikene som ble inngått i Stortinget. Regjeringen vil i de kommende fire årene søke å bygge nye forlik som sørger et bredere flertall i Stortinget. Regjeringen vil invitere alle med i dette arbeidet.

Jeg ber Gud velsigne Stortingets arbeid, og erklærer Norges 154. storting for åpnet.

*Melding frå Kongen til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding*, lesen av statsråd Bård Vegar Solhjell.

I samsvar med Grunnlova gir Kongen denne meldinga til Stortinget om Noregs tilstand og styring i tida etter siste melding.

Det siste året har verdsøkonomien opplevd det kraftigaste tilbakeslaget sidan den andre verdskrigen. Mange land har opplevd kraftig aukande arbeidsløyse og fall i produksjonen. Fleire land har også opplevd store underskott på betalingsbalansen og vanskelegare tilgang på kreditt. Land i vår nærleik, som Island og dei baltiske landa, er blitt særlig hardt ramma.

Svekkinga av verdsøkonomien bidrog til klart lågare vekst også i den norske fastlandsøkonomien i fjor. Tilbakeslaget auka i styrke utover hausten og førte etter kvart til ein markert auke i talet på arbeidsledige.

For å bidra til å redusere utslaga i sysselsetting og arbeidsløyse gjennomførte Regjeringa tidleg i år omfattande finanspolitiske tiltak. I tillegg blei det frå i fjor haust sett i verk ei rekke tiltak for å betre situasjonen i penge- og kreditmarknadene.

I oktober i fjor blei det etablert ei byteordning der bankane får låne statspapir i byte mot obligasjoner med føretatt. Ordninga, som har ei ramme på 350 milliardar kr i 2008 og 2009, har gjort det lettare for bankane å gi finansiering og har medverka til at forholda i pengemarknadene no er vesentleg betra.

Regjeringa har vidare opprettet Statens finansfond og Statens obligasjonsfond, kvart med ei ramme på 50 milliardar kr.

For å avhjelpe situasjonen for eksportbedriftene har Regjeringa auka rammene til Garanti-instituttet for eksportkreditt, GIEK, og Innovasjon Norge. Vidare er det inngått avtale om statleg lån til Eksportfinans på 50 milliardar kr.

For å sikre lån til kommunane er eigenkapitalen til Kommunalbanken auka.

Noregs Bank har sidan i oktober i fjor redusert styringsrenta med 4,5 prosentpoeng, til 1,25 pst. Styringsrenta har aldri tidlegare vore så låg.

Uroa i finansmarknadene, lågare rente og lågare oljepris bidrog til ein markert nedgang i kronekursen i fjor haust. Utover i 2009 har krona likevel teke seg opp att.

Det er god grunn til å tru at dei finanspolitiske og pengepolitiske tiltaka har verka positivt for finansmarknadene og for norsk økonomi.

Auken i arbeidsløysa heldt fram i første halvår i 2009, men har deretter minka utover året.

Samanlikna med mange andre land har Noreg klart seg godt gjennom den globale økonomiske krisa. Regjeringa har i år auka bidraga til land som er blitt hardare ramma, både i våre nærområde og i sør.

Gjennom Noregs Bank har Noreg stilt nye lånemiddel til disposisjon for Det internasjonale valutafondet, IMF,

tilsvarande om lag 30 milliardar kr og inngått ei avtale med Island om eit langsiktig lån på om lag 4,2 milliardar kr.

Regjeringa har også auka støtta til arbeidet mot fattigdom i verda. I 2009 blei målet om at bistanden skal utgjere éin pst. av BNI, nådd. Regjeringa la i vår også fram ei stortingsmelding om utviklingspolitikken.

Vaksinasjon av barn i dei fattigaste landa er eitt av hovudsatsingsområda. Regjeringa har utvida dette engasjementet til også å omfatte mødrehelse. Noreg er i dag ein pådrivar internasjonalt for å sikre at ein når FNs Tusenårs mål for mødre- og barnehelse.

Ei hovudprioritering for Noreg er arbeidet mot krig, fattigdom og klimaendringar. I tråd med dette la Regjeringen i vår fram stortingsmeldinga «Interesser, ansvar og muligheter: Hovedlinjer i norsk utenrikspolitikk».

Eit sterkt FN er i Noregs interesse. Regjeringa arbeider derfor for å gjøre FN meir effektivt både som arena for internasjonalt samarbeid og som aktør for fred og utvikling.

Noreg støttar aktivt opp om FNs arbeid for fred i Somalia, og vi deltek med ein fregatt i EUs antipiratoperasjon utanfor kysten av Afrikas Horn. Noreg deltek også i FNs operasjon i Tsjad.

Afghanistan er framleis det viktigaste innsatsområdet for norsk militær og sivil deltaking i internasjonale operasjoner. Den militære innsatsen er vidareført på eit høgt nivå, og er i aukande grad innretta mot å trenne og støtte afghanske tryggingsstyrkar. Den sivile innsatsen er blitt trappa opp betydeleg i tråd med Noregs syn om at ikkje noko land kan stabilisera med militære middel åleine.

Regjeringa legg stor vekt på at NATO skal vere det sentrale transatlantiske forum for tryggings- og forsvarsoppskriftsmål.

Nordområdesatsinga har høg prioritett. Regjeringa la i mars fram rapporten «Nye byggsteiner i nord», med perspektiv for framtidig satsing i nord.

Arbeidet med å modernisere Forsvaret er ført vidare i samsvar med langtidsplanen for perioden 2009–2012. Regjeringa har lagt vekt på å auka Forsvarets operative evne og nærvær i nordområda.

I dei internasjonale forhandlingane om ei ny klimaavtale spelar Noreg ei aktiv rolle. Den norske innsatsen mot avskoging har gitt Noreg ein leiande posisjon i arbeidet med å redusere slike utslepp.

Det norske kvotesystemet er no ein integrert del av kvotesystemet i EU, og det bidreg til at den europeiske kvotemarknadene blir strammare.

I perioden fra 2005 til 2009 er kommuneøkonomien styrkt med om lag 32 milliardar kr. Det har ført til sterkt vekst i kommunal tenesteyting. Veksten i kommunal sysselsetting har vore på mellom 30 000 og 35 000 årsverk.

Regjeringa har medverka i arbeidet med å tilpasse offentlege tenestepensjonar til pensjonsreforma. Partane blei i lønnsoppgraderinga einige om å vidareføre dagens reglar for offentleg tenestepensjon og AFP i offentleg sektor med nødvendige tilpassingar. Løysinga byggjer på pensjonsforliket i Stortinget frå 2005.

Regjeringa har lagt fram ein odelstingsproposisjon om ny alderspensjon i folketrygda.

Det har skjedd ei betydeleg økonomisk satsing på helsetenesta det siste året. Behandlingsaktiviteten ved sjukhusa har auka, og gjennomføringa av Regjeringa sin opptrappingsplan for rusfeltet er i rute.

Regjeringa har styrkt retten som fedrane har til foreldrepengar. Med verknad for fødslar frå og med 1. juli 2009 er fedrekvoten utvida frå seks til ti veker.

Det er lagt til rette for 11 500 nye heiltidsplassar i barnehage i 2009. Det betyr at 271 500 barn vil ha barnehageplass ved utgangen av 2009.

Stortinget har vedteke endringar i barnehagelova som gir alle barn rett til plass i barnehage. Regjeringa la våren 2009 fram ei stortingsmelding om styrking av innhald og kvalitet i barnehagen.

Stortinget vedtok i juni 2009 endringar i barnevernslova som går ut på å styrke barnet si stilling i barnevernssaker.

Stortinget behandla i vår stortingsmeldinga med framlegg om bl.a. å styrke lærarutdanninga for grunnskolen.

Regjeringa har trappa opp den særlege innsatsen for å førebyggje og avskaffe fattigdom. Tilbodet om kvalifiseringsprogram og kvalifiseringsstønad omfattar snart alle kommunar i takt med etableringa av Nav-kontor.

Av tiltak som er sette i verk mot fattigdom, er også bustøtt utvida til 50 000 nye husstandar og styrkt med 1 milliard kr. I tillegg har Husbanken fått midlar til å gi tilskott til 3000 nye utleigebustader for vanskelegstilte.

Stortinget vedtok i mai 2009 ny straffelov. Den nye straffelova sender tydelege signal til domstolane om at straffa for drap, grov vald, valdtek og overgrep mot barn skal skjerpast.

Soningskøen for fengelsesstraff utan vilkår er redusert ytterlegare sidan utgangen av 3. kvartal 2008 og kan no reknast som avvikla.

Regjeringa la i mars fram ei melding om Nasjonal transportplan 2010–2019. Her blir det lagt opp til det største løftet for utvikling av transportinfrastruktur i moderne tid.

Stortinget vedtok våren 2009 ny naturmangfaldlov. Lova innfører fleire nye verkemiddel for å bevare arter og naturtypar og er den mest omfattande som er lagd fram for å ta vare på natur i Noreg nokon gong.

Det er i år investert betydeleg i oljevernustyr som blir plassert i depot langs norskekysten.

Stortinget behandla våren 2009 stortingsmeldinga om ei heilskapleg forvaltning av det marine miljøet i Norskehavet. Forvaltningsplanen legg til rette for verdiskaping gjennom berekraftig bruk av ressursar.

Arbeidet med å realisere CO<sub>2</sub>-handteringa på Mongstad er godt i gang. Ved første steg, teknologisenteret for fangst av CO<sub>2</sub>, pågår no byggearbeidet.

Høgnivåkonferansen som Regjeringa arrangerte i Bergen i mai, samla politiske leiarar frå ulike land og sette karbonfangst og -lagring øvst på den internasjonale klimaagendaen.

Stortinget behandla i juni ei melding om forsking. Meldinga varslar auka forskingsinnsats og legg vekt på den

viktige rolla forskinga spelar når ein står overfor store samfunnsutfordringar.

I desember 2008 la Regjeringa fram den første norske stortingsmeldinga om innovasjon.

I september i år inngjekk Regjeringa ein overeinskomst med den svenske regjeringa om prinsippa for det vidare arbeidet med å etablere ein felles marknad for elsertifikat.

Regjeringa gjennomfører Kulturløftet og er i rute når det gjeld målet om at 1 pst. av statsbudsjettet skal gå til kultur.

I samarbeid med Den norske kyrkjja har Regjeringa begynt på ei demokratireform i Kyrkjja. Reforma er i tråd med avtala om stat og kyrkje for perioden 2009–2013, som blei inngått mellom alle dei politiske partia på Stortinget.

Regjeringa har styrkt Noregs innsats på nedrustnings-og ikkje-spreiingsområdet. Det er derfor oppmuntrande at USA og Russland har uttrykt vilje til å skjere ned på atomvåpenarsenalene sine. Målet vårt er ei verd fri for atomvåpen.

Krigshandlingane i det austlege Kongo har det siste året blussa opp på nytt. Regjeringa har lagt spesiell vekt på kampen mot den fullstendig uakseptable bruken av seksualisert vald i dette området.

Rundt årsskiftet blei vi igjen vitne til krigsherjingar i Midtausten. Regjeringa erkjende at Israel har rett til å forsvare si eiga sivilbefolking, men tok avstand frå den uproporsjonale maktbruken landet gjorde seg skuldig i i Gaza. Noreg har gjennom sitt formannskap i givarlansgruppa for bistand til Det palestinske området, AHLC, spelt ei leiarrolle under givarlanskonferansen for Gaza i Sharm el-Sheikh og det seinare AHCL-møtet i Oslo.

Regjeringa har lagt vekt på å styrke norsk sivil og militær deltaking i FN-leidde operasjoner, særleg i Afrika.

Noreg har gjennom mange år engasjert seg sterkt for fred i Sudan. Fredsavtala mellom Nord- og Sør-Sudan frå 2005 er inne i ein svært viktig, men skjør fase. Frå norsk side vil vi halde fram med vårt sterke engasjement. Hovudmåla vil vere å bidra til å gjennomføre alle delar av fredsavtala og bidra til ei vidare fredeleg utvikling.

Noreg støttar aktivt opp om FNs arbeid for fred i Somalia. Sjølv om det neverande sjømilitære nærværet i området, som Noreg tek del i, er til hjelp, er ei varig løysing berre å finne på land.

Noreg har ei aktiv rolle som støttespeler for reformkrefte i Zimbabwe. Vi ønskjer å auke sjansene for å sikre ei varig demokratisk utvikling.

Regjeringa vil bidra til utvikling av Offentleg Privat Samarbeid mellom norske styresmakter og næringslivsaktørar med sikte på å mobilisere meir privat kapital til utvikling.

Island sökte om EU-medlemskap i juli, og Regjeringa legg til grunn at EØS-avtala blir vidareført også med ein eventuell islandsk medlemskap.

Gjennom EØS-finansieringsordninga har Noreg stått for omfattande bidrag til sosial og økonomisk utjamning i Europa. Svært mange prosjekt, fond og program er støttet gjennom denne ordninga. Forhandlingar med EU om ei ny EØS-finansieringsordning for den neste femårsperioden blei sett i gang i september 2008. Regjeringa og EU

er no samde om rammene for EØS-midlane i perioden frå 2009 til 2014.

Regjeringa har vidareført arbeidet med å få til ei ny WTO-avtale. Målet er å få på plass ei avtale som tek omsyn til interessene til utviklingslanda, men som også sikrar nødvendige rammevilkår for norsk landbruk.

Regjeringa har arbeidd for å vidareutvikle det gode forholdet til Russland. Sidan 1. desember 2008 er det opna for å gi arbeidsløyve for opptil to år i alle næringar i dei tre nordlegaste fylka til ufaglært russisk arbeidskraft frå Barentsregionen. Ei norsk-russisk visumavtale som tok til å gjelde samtidig, gjer det lettare å få multivisum for folk som reiser ofte. Samtidig blir dialogen og samarbeidet med Russland vidareført med sikte på å finne politiske løysingar på uløyste spørsmål.

Dialogen med naboland, allierte og andre interesserte om nordområda og Arktis er styrkt. Som formannsnasjon i Arktisk Råd frå 2006 og fram til april 2009 arbeidde Noreg målretta for å styrke organisasjonen. Rådet har fått stadig viktigare oppgåver innanfor klimaendringar, miljø og berekraftig utvikling.

Regjeringa la i vår fram ei stortingsmelding om norsk humanitær politikk. Den 3. desember 2008 blei konvensjonen om klaseammunisjon underskriven i Oslo. Noreg leidde initiativet, og underskrivinga inneber ei vesentleg styrking av internasjonal humanitær rett.

I vår vedtok Stortinget, etter framlegg frå Regjeringa, ei lovendring som inneber ei styrking av rettane til personellet i Forsvaret, her medrekna erstatningsvernet, og den helsemessige oppfølginga. I tillegg blei det lagt fram ei stortingsmelding om å ta vare på personell før, under og etter deltaking i utanlandsoperasjoner.

Regjeringa har sett i verk eit breitt spekter av tiltak for å styrke rettane, betre tilbodet til og auke anerkjenninga av veteranane i Forsvaret.

Regjeringa har vedteke å gjeninnføre bruken av Krigskorset. Det er gjort for å anerkjenne særleg framståande innsats som enkeltpersonar gjorde under og etter den andre verdskrigen, så vel som i dagens operasjoner.

Regjeringa la 19. desember 2008 fram ein proposisjon om «Nye kampfly til Forsvaret». Stortinget behandla denne proposisjonen 8. juni i år, og det var brei støtte for framlegget frå Regjeringa om at ein skal innleie ein forhandlingsprosess for kjøp av F-35 Lightning II Joint Strike Fighter.

Regjeringa har vore pådrivar for eit forsterka nordisk tryggings- og forsvarspolitisk samarbeid.

Som eit ledd i oppfølginga av langtidsplanen er det oppretta eit Fellesoperativt hovudkvarter i Bodø, og dei respektive generalinspektørane har flytta og er no lokaliserte i tilknyting til verksemda i forsvarsgreinene.

Eit markant lyft for å følgje opp langtidsplanen for forsvarssektoren for perioden 2009–2012 er sett i verk. Regjeringa la 15. mai 2009 fram ein proposisjon om investeringar i Forsvaret, med framlegg til betydelege investeringar innanfor eigedom, bygg og anlegg og materiell.

Stortinget har sluttat seg til framlegget frå Regjeringa om sesjonsplikt for kvinner. Det er ein viktig del av arbeidet til Regjeringa for å få fleire kvinner i Forsvaret.

Regjeringa la i vårsesjonen 2009 fram ei ny perspektivmelding. Perspektivmeldinga legg eit viktig grunnlag for Stortingets arbeid med langsiktige utfordringar for norsk økonomi og offentlege finansar.

Konsumprisindeksen steig med 3,8 pst. frå 2007 til 2008, medan veksten utanom energi og avgiftsendringar var på 2,6 pst. I perioden januar–august 2009 auka konsumprisane med 2,5 pst. samanlikna med same perioden i fjor, medan stigninga justert for avgiftsendringar og utanom energiprisar var på 2,8 pst. Frå 2007 til 2008 auka talet på sysselsette personar med om lag 76 000, som tilsvarer ein vekst på 3,1 pst.

I 2007 var 2,5 pst. av arbeidsstyrken arbeidsledige. I 2008 gjekk andelen ledige opp til 2,8 pst.

I 2. kvartal 2009 hadde andelen arbeidsledige stige til 3,1 pst.

Sysselsetjinga har vakse sterkt i fleire år. Frå 2007 til 2008 auka sysselsetjinga med 76 000 personar. Tal frå arbeidskraftundersøkinga til Statistisk sentralbyrå, AKU, viser at det var utflating i sysselsetjinga i andre halvår i fjor, og at hittil i år har sysselsetjinga halde seg stabil.

Arbeidsmarknadstiltak er eitt av dei viktigaste verke-midla for å fremje ein velfungerande arbeidsmarknad. Det er lagt til grunn eit totalt tiltaksnivå på 75 000 plassar i gjennomsnitt i 2009 for arbeidssøkjalar med moderat bistandsbehov og nedsett arbeidsevne.

Reglane for lønnsplikt og dagpengar ved permitting er endra for å legge til rette for meir fleksibel bruk av permittingar, og dermed unngå oppseiingar.

Regjeringa fremja i ein odelstingsproposisjon lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga. Lova innfører tilsyn med forvaltninga av tenestene og ei plikt for kommunane til å føre internkontroll.

Sjukefråværet i første kvartal 2009 var på 7,7 pst. Det er ein auke på over 3 pst. frå 1. kvartal 2008. Det er på om lag same nivå som i 2001. Det er sett i gang dialog med partane i arbeidslivet om vidareutvikling om avtala om eit meir inkluderande arbeidsliv.

Staten er blitt einig med partane i trygdedrøftingane om regulering av grunnbeløpet i folketrygda frå 1. mai 2009.

For å handtere den store auken i talet på asylsøkjalar blei det i september 2008 vedteke å gjennomføre 13 innstrammingstiltak. Som ei oppfølging av dette blei det i juli 2009 vedteke å iverksetje åtte nye tiltak.

Samtidig gjer konfliktar rundt om i verda at fleire menneske får vern i Noreg. Bustad og arbeid er grunnlaget for starten på eit nytt liv. I 2009 vil kommunane ta imot 6000 nye innbyggjarar.

Regjeringa har oppnemnt eit utval som skal gi meir kunnskap om korleis den norske velferdsmodellen fungerer i ei tid med auka inn- og utvandring.

I juni i år vedtok Stortinget endringar i arbeidsmiljølova som bl.a. likestiller arbeidstida for skift- og turnusarbeid.

I arbeids- og velferdsetaten har store omstillingar, ein krevjande reformperiode og nye oppgåver hatt innverknad på driftssituasjonen i etaten. Etaten er derfor blitt styrkt med til saman over 926 mill. kr det siste året.

Etter å ha vore oppe i nesten 750 kr pr. fat i juli 2008 fall oljeprisen markert i fjor haust og var ved årsskiftet

nede i om lag 275 kr pr. fat. Oljeprisen har teke seg opp att noko i år og var mot slutten av august på om lag 440 kr pr. fat.

Noregs bruttonasjonalinntekt (BNI) var i 2008 på 2 572 milliardar kr. Nominelt er det 12 pst. høgare enn året før.

Driftsbalansen overfor utlandet viste eit overskott på 498 milliardar kr i 2008. Det er 134 milliardar kr høgare enn i 2007.

I første halvår i år var eksport- og importverdien av tradisjonelle varer 18 og 14 pst. lågare enn i same perioden i fjor.

Revisjonen i mai av statsbudsjettet for 2009 innebar ein bruk av petroleumsinntekter på 129,9 milliardar kr, målt ved det strukturelle, oljekorrigerte underskottet. Det er 38,7 milliardar kr over den forventa avkastninga på fondet.

Regjeringa har lagt fram ein handlingsplan for perioden 2009–2013 for universell utforming og auka tilgjengeleghet, «Norge universelt utformet 2025».

Stortinget har vedteke lovframlegget frå Regjeringa om å opprette ein barnesakkunnig kommisjon. Ordninga skal tre i kraft 1. januar 2010.

Regjeringa har oppnemt eit offentleg utgreiingsutval som skal gå igjennom heile adopsjonsfeltet.

Regjeringa arbeider for å gjere tiltaka i barnevernet betre tilpassa dei behov barn og familiar har, og for å styrke kompetansen i barnevernet.

Regjeringa la våren 2009 fram stortingsmeldinga «Ei forvaltning for demokrati og fellesskap». Ho inneheld bl.a. prinsipp for organisering av forvaltninga, med vekt på politisk styring, god arbeidsdeling og ryddige organisasjonsformer.

Breibandssatsinga til Regjeringa har gitt gode resultat. Pr. 30. juni 2009 hadde om lag 99,9 pst. av husstandane tilbod om breiband.

Regjeringa har lagt fram ei stortingsmelding for å profesjonalisere og betre den offentlege innkjøpsverksemda.

Regjeringa har lag fram ei stortingsmelding om menn, manskroller og likestilling. Dei siste åra har det skjedd positive endringar i manskrolla, særleg når det gjeld utviklinga i heimen og den auka kontakten mellom far og barn.

Regjeringa har gjort framlegg om endringar i barnelova med omsyn til foreldreansvar, bustad og samvær. Målet med lovendringane er å legge til rette for at barnet, trass i samlivsbrott mellom foreldra, kan halde oppe og utvikle god kontakt med begge foreldra.

Regjeringa har gjennom den nye lova om kommunale krisesentertilbod, som Stortinget vedtok våren 2009, gjort det tydeleg at det er eit kommunalt ansvar å sørge for at personar som er utsette for vald i nære relasjonar, får vern, hjelp og oppfølging.

Stortinget har vedteke lovframlegget frå Regjeringa om å inkorporere FNs kvinnediskrimineringskonvensjon i menneskerettslova.

Regjeringa har gjort framlegg til lovendringar som inneber krav om at forskjellsbehandling på grunn av kjønn eller seksuell orientering i trussamfunn skal vere sak-

leg grunngitt. Det er også gjort framlegg om å styrke graviditetsvernet gjennom å lovfeste forbod mot å spørje om graviditet, adopsjon og familieplanlegging i ein tilsetningsprosess.

Regjeringa har lagt fram ein handlingsplan for perioden 2009–2012 for å fremje likestilling og hindre etnisk diskriminering. Målgruppene for tiltaka er innvandrarar og barna deira, samar og nasjonale minoritetar.

Ura i finansmarknadene har også ramma fiskerinæringa. Svikten i kreditmarknadene har, saman med den generelle konjunkturedgangen i viktige importland, ført til problem både for den tradisjonelle kvitfisknæringa og for torskeoppdrettsnæringa. Eksporten av laks, aure, sild, makrell og lodde går bra, men det har vore nedgang i eksporten av torsk og hyse. I tillegg til generelle tiltak for heile næringslivet og kreditmarknadene har Regjeringa sett i verk ei rekke særskilde tiltak for fiskeri- og havbruksnæringa. Det er bl.a. etablert ei eiga garantiordning for førsteprihetsomsetninga av fisk, og det er løyvt midlar til ekstraordinære marknadsføringstiltak for torsk og til transport av fisk.

Norsk sjømatnæring eksporterte sjømat for 38,5 milliardar kr i 2008, ein auke på fem pst. samanlikna med 2007. Havbruksnæringa stod for meir enn 50 pst. av eksportverdien. Det blei produsert 740 000 tonn laks, 75 000 tonn aure og 18 000 tonn torsk i 2008.

Miljøverknader av havbruk har stått sentralt i arbeidet til Regjeringa, og ein strategi for ei miljømessig berekraftig havbruksnæring er lagd fram. Vidare er konkurransestrategien for havbruksnæringa, som blei lagd fram i 2007, følgd opp, og det er tildelt 65 nye løyve til oppdrett av laksefisk.

Noreg har gjennom FNs mat- og jordbruksorganisasjon, FAO, gjort framlegg om å lage internasjonale retningslinjer for å redusere utkast av fisk og omfanget av uønskt bifangst. Framlegget fekk brei støtte i fiskerikomiteen i FAO, og det er no sett i gang ein prosess med sikte på å utforme globale retningslinjer.

Regjeringa har gitt høg prioritet til tiltak mot ulovleg, urapportert og uregulert fiske. Det ulovlege fisket i Barentshavet er redusert med 84 pst. frå 2005 til 2009.

Aktivt tosidig samarbeid og det nye regimet for hamnestatskontroll i Den nordaustatlantiske fiskerikommisjonen har vore avgjerande for å redusere overfisket i vår region. Noreg har også følgt opp initiativet i FAO for å få på plass eit globalt regime for hamnestatskontroll i fiskeria.

Regjeringa har sett i verk fleire tiltak for å betre rekrutteringa til fiskeflåten, bl.a. er fiskarfrådraget blitt heva. Vidare er det sett i verk eit treårigt prosjekt for å auke rekrutteringa til marin sektor og sikre at fleire i fiskeri- og havbruksnæringa har formell fagkompetanse.

For å stimulere til at unge og motiverte fiskarar kan etablere seg med eige fartøy har Regjeringa etablert ei ordning med tildeling av 30 etableringsstipend på 250 000 kr til kjøp av fiskefartøy i 2009. Vidare er det etablert ei ordning med tildeling av 10 deltakarløyve årleg i tre år.

Den 14. mai la Regjeringa fram sin strategi for marin sektor – alfa og omega. I strategien legg Regjeringa auka

vekt på miljøsatsing, klima og berekraft i forvaltninga av havområda våre.

I 2009 er det løyvd midlar til å fjerne vraket av krysaren «Murmansk» i Hasvik kommune. Det førebuande arbeidet med å få heva krigsvraket av u-båten «U-864» utanfor Fedje har begynt.

Stortinget vedtok 10. februar 2009 ny hamne- og farvatnlov som legg til rette for gode framkomstforhold, trygg ferdsel og forsvarleg forvaltning av farvatnet.

Det er lagt fram ei stortingsmelding om samhandling i helse- og omsorgstenesta, eit framlegg til folkehelselov for fylkeskommunane i landet og ein ny nasjonal hivstrategi. Det er innført vaksine mot livmorhalskreft i barnevaksinaprogrammet for jenter, og det er inngått ei avtale om å kjøpe vaksine mot influensa A, H1N1.

Regjeringa har gjort framlegg om lovendring for å følge opp barn av foreldre som er psykisk sjuk, rusmiddelavhengige, alvorleg somatisk sjuk eller skadde.

Det er lagt fram ei stortingsmelding om ei samanhengande svangerskaps-, fødsels- og barselomsorg.

Det er vedteke forbod mot synleg oppstilling av tobakksvarer.

Regjeringa har lagt fram ein overordna strategi for førebygging på ulike samfunnsområde. Grunnanken i strategien er å førebygge meir for å reparere mindre.

Den 29. justisministerkonferansen i Europarådet blei halden i Tromsø i juni 2009. Over 200 deltakarar frå dei 47 medlemslanda i Europarådet deltok på konferansen «Breaking the silence», som hadde «Vald i nære relasjonar» som tema.

Evalueringa som metodekontrollutvalet har gjort av lovgivinga om bruk av skjulte tvangsmiddel i politiet «Skjult informasjon – åpen kontroll» (NOU 2009: 15) blei overlevert Justisdepartementet i juni 2009.

Regjeringa fremja i august 2009 framlegg til ny lov om behandling av opplysningar i politiet og påtalemaktene, politiregisterlova.

Det er i juni 2009 vedteke lov om endringar i vaktverksemldova med vekt på skjerpa vandelskrav til vektarar, betre grunnutdanning og strengare kontroll av selskap som tilbyr vakttenester.

Forbodet mot kjøp av seksuelle tenester i Noreg og i utlandet tok til å gjelde 1. januar 2009.

Regjeringa la i august 2009 fram ein ny handlingsplan, «Gode krefter», om kriminalitetsførebygging for å styrke og samordne den samla kriminalitetsførebyggjande verksemda.

Det rekordhøge studentopptaket til Politihøgskolen i 2008 på 432 studentar er auka ytterlegare, til 552 studentar.

Politi- og lensmannsetaten blei i tiltakspakka til Regjeringa i februar 2009, jf. St.prp. nr. 37 for 2008-2009, styrkt med 460 sivile årsverk.

Regjeringa har inngått ny avtale om arbeidstidsreglar i politi- og lensmannsetaten. Den nye avtala inneber at politiet arbeider éin time meir i veka. Det blir rekna til 230 nye årsverk.

Regjeringa har forhandla fram eit avtaleutkast med EU om tilslutning til Prüm-regelverket.

Regjeringa har etablert barnehus som eit landsdekkjan-

de tilbod for å skape eit betre hjelpetilbod til barn som har vore utsette for overgrep.

Regjeringa er i gang med å etablere eit landsdekkjande behandlingstilbod til valdsutøvarar, ATV.

Regjeringa har begynt oppfølginga av framlegget frå valdtektsutvalet, «Frå ord til handling» (NOU 2008: 4), ved å etablere eit fagmiljø som består av fire etterforskarar ved Krios med sikte på å etablere ei ny landsdekkjande spesialeining i politiet med ansvar for seksualisert vald, SEPOL.

Det blei i februar 2009 sett i gang ein driftsanalyse i politi- og lensmannsetaten for å få meir kunnskap om ressursfordeling og -disponering i etaten.

Stortinget behandla våren 2009 ei stortingsmelding om Svalbard. Svalbard er ein viktig del av nordområdesatsinga til Regjeringa. Vi vil styrke nærværet vårt og leggje opp til ei stabil og føreseieleg maktutøving i tråd med måla i norsk svalbardpolitikk.

Stortinget vedtok våren 2009 lov om nye reglar om kommunal beredskapsplikt.

Regjeringa har lagt fram stortingsmelding om branntryggleik. Målet er å styrke den førebyggjande innsatsen mot brann. Regjeringa vil redusere talet på omkomne i brann, unngå tap av uerstattelege kulturhistoriske verdiar og brannar som lammar kritiske samfunnsfunksjonar, og i tillegg styrke den generelle beredskapen og handteringsevna.

Regjeringa har vedteke at ordninga med Redningsinnsats til sjøs, RITS, skal utvidast frå fire til sju brannvesen i kommunar langs norskekysten.

Regjeringa har fått på plass døgnkontinuerleg vakt ved alle redningshelikopterbasane på fastlandet. Ein ny redningshelikopterbase i Florø blir opna i september 2009.

Stortinget har slutta seg til ei ny stortingsmelding om offentleg rettshjelp. Det er brei politisk semje om hovudlinjene for den framtidige rettshjelpsordninga. Målsetjinga er å gi rask og effektiv avklaring av juridiske problem slik at fleire konfliktar blir løyste tidleg og effektivt.

Bygging av nye lokale for Gulatings lagmannsrett er sett i gang i 2009.

Som ledd i strukturendringane i førsteinstansdomstolane er det i 2009 sett i gang ombyggingsarbeid i samband med etableringa av Inntrøndelag tingrett.

Eit utval som er oppnemt av Regjeringa, har evaluert kontrollmekanismane for politiet. Utvalet leverte sin rapport i mai 2009.

Regjeringa har auka inntektsgrensene for fri rettshjelp med verknad frå 1. juli 2009. Dette er ein viktig del av arbeidet til Regjeringa for å redusere fattigdom.

Regjeringa har auka maksimumsbeløpet for utbetaling av valdsoffererstatning frå 20 G, grunnbeløpet i folketrygda, til 40 G med verknad frå 1.juli 2009.

Våren 2009 vedtok Stortinget endringar i opplæringslova og privatskolelova med bl.a. krav til tidleg innsats gjennom å auke talet på lærarar i norsk/samisk og matematikk for elevar på 1.– 4. trinn og meir tid til fysisk aktivitet for elevar på 5.–7. trinn.

I tiltakspakka Regjeringa la fram for 2009, blei tilskotet auka til bedrifter som har lærlingar og lærekandidatar.

Rentekompensasjonsordninga for skole- og symjeanlegg blei styrkt.

Stortinget har vedteke ny vaksenopplæringslov. Lova regulerer opplæringstiltak som er spesielt organiserte for vaksne og omfattar studieforbund, frittståande fjernundervisningsinstitusjonar og enkelte av dei skolane som i dag er regulerte i privatskolelova, og nye skolar som blir godkjende etter ny lov.

Det er underskrive eit nytt manifest mot mobbing i skolen, samtidig som løvtingane til innsats mot mobbing er auka.

Eit offentleg oppnemnt utval har lagt fram NOU 2009: 18 Rett til læring, om opplæring for barn, ungdom og vaksne med særskilde behov. Utvalet har bl.a. vurdert korleis det spesialpedagogiske støttesystemet kan styrkast.

Strategien Kompetanse for kvalitet, strategi for vidareutdanning for lærarar, er sett ut i livet. Det same er ny skoleleiarutdanning for nytilsette rektorar i grunnopplæringa.

I stortingsmeldinga om kompetansepolitikk, Utdanningslinja, blir det fremja fleire tiltak for betre gjennomføring i vidaregåande opplæring, bl.a. forsøk med eit nytt arbeidslivsfag på ungdomstrinnet, gjennomgang av kompetansemåla i læreplanane og støtte til fylkeskommunane for tettare oppfølging av elevane.

Eit offentleg utval er oppnemnt for å sjå på opplæringa for minoritetsspråklege barn, unge og vaksne.

Det er vedteke å etablere eit nasjonalt senter for IKT i opplæringa i Tromsø. Senteret vil vere operativt frå 1. januar 2010.

Frå og med skoleåret 2009/2010 har alle elevar i den vidaregåande skolen rett til gratis læremiddel i vidaregåande skole. Den trinnvise opptrappinga er dermed fullført.

Totalt søkte 104 238 om opptak til høgare utdanning hausten 2009, ein auke på 7 pst. frå i fjar. Det er derfor løyvt midlar til 3 800 nye studieplassar og til om lag 400 nye plassar ved fagskolane. I tillegg har institusjonane auka talet på mastergradstilbod, og vidareutdanningsstilbod og nettbaserte tilbod er auka slik at alle er sikra eit utdanningstilbod uavhengig av kor dei bur i landet.

Lærarar med høg fagleg og pedagogisk kompetanse er den viktigaste føresetnaden for god kvalitet i skolen. Regjeringa har derfor opprettet GNIST-partnarskapen, som er ei brei satsing for å styrke kvaliteten i lærarutdanninga og vidareutvikle lærarprofesjonen.

I 2009 har det vore rekordstor satsing på bygging av studentbustader med midlar frå det ordinære budsjettet og frå tiltakspakka. Til saman er det blitt gitt tilsegn om tilskott til 1 285 hybeliningar i 2009.

Føresegner i universitets- og høgskolelova om godkjenning og godskriving av utanlandske utdanninger er endra, bl.a. for å gjere det lettare for innvandrarar å kunne bruke utdanninga si i Noreg.

Talet på avgjorde doktorgradar ved norske universitet og høgskolar i 2008 var rekordhøgt. 1 244 avgjorde doktorgradar er ein auke på 60 pst. sidan 2004.

Det er gitt startløyving til fire bygg i universitets- og høgskolesektoren, bygg for Institutt for klinisk odontologi ved Universitetet i Bergen, bygg for sjukepleiarutdan-

ninga ved Høgskolen i Oslo, sentralbygg ved Høgskolen i Sogn og Fjordane i Sogndal og bygg for samlokalisering av Høgskolen i Bergen.

Regjeringa legg særleg vekt på klima- og miljøforskning. Forskingsdelen av klimaforliket er følgd opp, bl.a. ved at det er oppretta åtte senter for miljøvennleg energi og at det nye strategiorganet Klima 21 er etablert.

I 2009 er dei offentlege forskingsløyvingane auka med om lag 1,8 milliardar kr. Dei offentlege forskingsløyvingane inkludert skattefunn utgjer no 0,94 pst. av BNP, og Noreg nærmar seg målet om ein offentleg forskingsinnsats på 1 pst. av BNP.

Fondet for forsking og nyskaping er styrkt med 6 milliardar kr, og to tredelar av dette er øyremerkt vitskapleg utstyr. Regjeringa har i tillegg opprettet sju regionale forskingsfond med ytterlegare 6 milliardar i fondsmiddel. Dei regionale fonda skal styrke forsking og innovasjon i regionane.

Regjeringa har vedteke å setje i verk ei ny ordning med momskompensasjon for frivillige organisasjoner. Ordninga trer i kraft 1. januar 2010 og skal trappast opp med 1 milliard kr fram til 2014.

Regjeringa har begynt arbeidet med ei pilegrimssatsing.

Det er oppnemnt nye medlemmer til Norsk kulturråd med verknad frå 1. juli 2009 i samsvar med nye reglar der talet på rådsmedlemmer er redusert til ti, og der alle medlemmene blir oppnemnde av Kongen.

Nordnorsk Opera og Symfoniorkester AS er etablert.

Regjeringa har lagt fram ei stortingsmelding om bibliotek som kunnskapsallmenning, læringsarena og møtestad i ei digital tid.

Det er lagt fram ei stortingsmelding om ein nasjonal strategi for digital bevaring og formidling av kulturarv.

I august 2009 blei det lagt fram ei stortingsmelding om museumsreforma.

Det er utlyst og gjennomført ein arkitektkonkurranse for bygging av nytt Nasjonalmuseum for kunst og arkitektur på Vestbanen i Oslo.

I august i år vart det også lagt fram eit arkitekturneutisk dokument.

Regjeringa har lagt fram ei stortingsmelding om ansvaret NRK har ved dekning av val, «NRK-plakaten – dekning av valg». Stortinget slutta seg til framlegga i meldinga.

Regjeringa har vedteke ein ny treårig handlingsplan mot speleproblem, med tiltak for å førebyggje og behandle slike problem i befolkninga, inkludert problem knytt til elektroniske spel.

Etter framlegg frå Regjeringa har Stortinget vedteke å forby betalingsformidling for pengespel utan norsk løyve.

Regjeringa har innført grasrotdelen, som gjer det mogleg for spelarane hos Norsk Tipping å gi ein del av speleinnsatsen direkte til lokal frivillig verksemد.

I 2009 sette Regjeringa i verk den nye fordelsnøkkelen for overskottet i Norsk Tipping.

Det er i 2009 gitt tilskott til etableringa av 26 nye frivilligsentralar.

I 2009 er det som ledd i tiltakspakka frå Regjeringa delt 250 mill. kr til idrettsanlegg i kommunane over stats-

budsjettet. Vidare er det fordelt 78 mill. kr til ymse tiltak på kulturområdet.

I tiltakspakka frå Regjeringa var 6,4 milliardar kr retta inn mot kommunesektoren, bl.a. ved at det blei oppretta eit øyremerkt tilskott på 4 milliardar kr til vedlikehald, oppgradering og rehabilitering av kommunale bygg, anlegg og vegar.

Det nye inntektssystemet for kommunane blei gjort gjeldande frå 1. januar i år, og det vil gi ei jamnare fordeling og eit betre grunnlag for langtidsplanlegging i kommunane.

Det er fremja to odelstingsproposisjonar med framlegg om lovendringar som skal leggje forholda til rette for ei tillitskapande forvaltning framover og ein styrkt etisk praksis i kommunesektoren.

Regjeringa har lagt fram ein odelstingsproposisjon med endringar i vallova og kommunelova for å sikre at alle kan delta ved val. Retten for kommunar og fylkeskommunar til å halde lokale, rådgivande folkeavrøystingar er no lovfesta.

Dei siste åra har tilflytinga til distrikta auka. Talet på distriktskommunar med vekst i folketalet er no på sitt høgaste sidan 1980-talet.

Regjeringa har lagt fram ei stortingsmelding om distrikt- og regionalpolitikken. For å støtte opp under hovudmåla om reell fridom til busetting og vekstkrift nedanfrå er hovudlinja til Regjeringa å utvide det lokale handlingsrommet.

Regjeringa har sett i gang fleire tiltak for å sikre at burettslagsmodellen er ein trygg og god eigarmodell.

Stortinget har vedteke ny byggjesaksdel i plan- og bygningslova. Lova skal saman med nye byggjeforskrifter redusere omfanget av byggfeil, gi fleire miljøvennlege og energieffektive byggverk og leggje til rette for universell utforming av bygningar og uteområde.

Det er forhandla fram jordbruksavtale og reindriftsavtale mellom staten og næringsorganisasjonane, som Stortinget slutta seg til i juni. Ramma for jordbruksavtala er auka med 1,2 milliardar kr, og av dette er 200 mill. kr ei ekstraordinær investeringspakke i 2009. Avtala gir grunnlag for ein inntektsvekst på vel 13 pst., eller om lag 28 000 kr pr. årsverk i 2010.

Investeringsordningane er særleg styrkte i 2009, med den ekstraordinære investeringspakka for landbruket og ved at låneramma for rentestøtte er auka med 300 mill. kr til 1 milliard kr. Jordbruksavtala vidarefører ei kursendring i landbrukspolitikken bl.a. ved å leggje til rette for ei nivåheving av inntektene og styrke struktur- og distriktsprofilen i verkemidla. Reindriftsavtala inneber økonomiske tiltak i reindriftsnæringa på 101 mill. kr.

Med verknad frå 1. juli 2009 er det gjort ei rekke endringar i odelslova, jordlova og konsesjonslova. Endringane inneber betydelege forenklingar i lovverket, og odelslova blir modernisert.

Ny lov om dyrevelferd er vedteken i Stortinget og vil tre i kraft frå januar 2010. Lova legg grunnlaget for god dyrevelferd og respekt for dyr i Noreg og vil vere eit viktig verkemiddel i departementet sitt arbeid med å betre dyrevelferda og førebyggje dyretragediar.

Regjeringa har i ei ny stortingsmelding teke ein grun-

dig gjennomgang av landbruket sett i høve til klimaendringane.

Utsleppa av klimagassar i Noreg gjekk ned med 2,2 pst. i 2008, og det var til dels betydeleg reduksjon i utslepp av NO<sub>x</sub> og andre gassar som er regulerte av Göteborgsprotokollen.

Som eit ledd i klimapolitikken blei det forbode å deponere nedbrytbart avfall frå 1. juli 2009.

Noreg har vedteke eit nytt og omfattande regelverk på kjemikaliekjemiområdet – REACH – som vil gi betre vern av helse og miljø.

Noreg har vore pådrivar for å få til semje om at det skal lagast ei global avtale som regulerer bruk og utslepp av kvikksølv.

Regjeringa arbeider aktivt med miljøspørsmål i dei maritime næringane og har bidrige til auka internasjonalt fokus på å redusere utslepp frå skipsfarten gjennom heile levetida til skipet.

Noreg er med det på god veg mot å etter leve forpliktingane i Göteborgsprotokollen.

Regjeringa inngjekk i 2008 ei avtale med 14 næringsorganisasjonar om reduksjon av utslepp av nitrogenoksid, NO<sub>x</sub>. Organisasjonane har også lagt fram planar for kva tiltak som skal gjennomførast i avtaleperioden.

Ny lov om planel av plan- og bygningslova tok til å gjelde 1. juli 2009. Framlegg til statlege planretningslinjer om ei differensiert strandsoneforvaltning og framlegg til statlege planretningslinjer om klima- og energiplanlegging i kommunane er no sendt på høyring.

Regjeringa har no verna til saman om lag 10 274 km<sup>2</sup> etter naturvernlova/naturmangfaldlova. Per 7. august 2009 er om lag 15,7 pst. eller om lag 50 800 km<sup>2</sup> av Fastlands-Noreg verna. Reinheimen, Varangerhalvøya, Seiland, Haldingskarvet, Lomsdal-Visten, Ytre Hvaler og Breheimen er nye nasjonalparkar.

Regjeringa har følgt opp maritim strategi for ein miljøvennlig skipsfart ved å styrke maritim kompetanse, maritim forsking og innovasjon og miljøprosjekt.

Regjeringa har styrkt handelen med tenester i EØS ved å gjennomføre EU-s tenestedirektiv i norsk rett ved lov om tenesteverksemd. Lova trer i kraft 28. desember 2009. Regjeringa deltek også i arbeidet med å forbetre reglane for varehandel i EØS-området.

Handelsavtala mellom EFTA og Canada tok til å gjelde 1. juli 2009. Noreg har gjennom EFTA inngått ei handelsavtale med Gulf Cooperation Council – Saudi-Arabia, Kuwait, Oman, Dei sameinte arabiske emirata, Qatar og Bahrain. Handelsavtaler med Albania og Serbia er ferdigforhandla. Det er sett i gang arbeid for å inngå EFTA-handelsavtaler med Ukraina, India og Russland og ei tosidig handelsavtale mellom Noreg og Kina.

I samband med vernet av Vefsnavassdraget i Nordland er det oppretta eit næringsfond for kvar av dei fire kommunane Vefsn, Hemnes, Hattfjelldal og Grane på i alt 150 mill. kr.

Rammene for Innovasjon Noreg er auka betydeleg for å betre tilgangen til kapital for bedriftene, i tillegg til å stimulere bedriftene til å halde fram med å prioritere nyskaping og innovasjon.

Det er etablert ei ny støtteordning for kraftintensiv industri under Innovasjon Noreg. Ramma er på 40 mill. kr, og støtte innanfor reglane for bagatellmessig støtte kan bli tildelt bedrifter som deltek i innkjøpskonsortium for kjøp av kraft.

Regjeringa fremja i desember 2008 framlegg om at staten skulle tilby Eksportfinans marknadslån på visse vilkår. Med samtykke fra Stortinget blei det inngått ei avtale der den norske staten v/ Nærings- og handelsdepartementet forplikar seg til å yte lån til Eksportfinans fram til 31. desember 2010.

Rammene for Alminneleg ordning, Byggjelånsgarantiordninga for skip og U-landsordninga under Garanti-instituttet for eksportkreditt, GIEK, blei utvida for 2008 og 2009.

Regjeringa har lagt fram ein ny handlingsplan for entreprenørskap i utdanninga med vekt på høgare utdanning for å utvikle ein god kultur for entreprenørskap i Noreg.

Regjeringa har i 2009 starta prosessen med å evaluere Innovasjon Noreg og SIVA.

Den negative utviklinga i verdsøkonomien i siste halvdel av 2008 gav seg store utslag for selskap der staten er deleigar. Verdien av statens aksjar på Oslo Børs fall med 238 milliardar kr i 2008 til ein total verdi på 333 milliardar kr ved utgangen av året.

I november 2008 selde staten eigardelen sin på 50 pst. som han hadde att i BaneTele AS. Aksjesalet blei gjennomført i februar 2009 etter at Stortinget hadde gitt samtykke.

Med samtykke fra Stortinget deltok staten med sin del av ein eigenkapitalauke i SAS AB i mars 2009.

Regjeringa har arbeidd for at Noreg skal delta i bygginga av det felleseuropiske satellittnavigasjonssystemet Galileo, og Stortinget slutta seg til deltakinga 11. juni 2009.

Den samla elektrisitetsproduksjonen var på om lag 143 TWh i 2008, medan forbruket var på om lag 129 TWh.

Olje- og energidepartementet og Noregs vassdrags- og energidirektorat gav i 2008 til saman konsesjon og fri tak frå konsesjonsplikt til 81 vasskraftprosjekt, her medrekna småkraft, opprusting/utvidingar og større kraftverk, som vil kunne gi ein årleg samla produksjon på om lag 825 GWh. I 2008 blei det utbygd 66 vasskraftprosjekt, som vil gi ein årleg samla produksjon på om lag 1,1 TWh. Olje- og energidepartementet og Noregs vassdrags- og energidirektorat har i 2008 gitt konsesjonar til vindkraft som årleg vil kunne produsere om lag 730 GWh. I 2008 blei det sett i drift 40 vindturbinar, som årleg vil produsere om lag 245 GWh.

Regjeringa styrkte Enova med over 1 milliard kr i tilbakspakka som blei lagd fram i vinter. Det har gitt ein kraftig auke i arbeidet med energieffektivisering og utbygging av fornybar energiproduksjon.

Regjeringa har styrkt retten til bruk av nettet for kraftprodusentar og forbrukarar ved å innføre ei tilknytingsplikt for nettselskapa. Regjeringa har fått tilslutnad frå Stortinget til ein strategi for korleis ein skal ta meir omsyn til miljø, estetikk og lokalsamfunn når forsterkningar i kraftnettet blir planlagde.

Regjeringa har samla og styrkt den statlege organiseringa av førebygging av skredulykker. Frå 1. januar 2009

er det statlege ansvaret for å førebygge alle typar skred lagt under Noregs vassdrags- og energidirektorat.

Då Stortinget behandla St.prp. nr. 53 for 2008–2009, Verneplan for vassdrag – avsluttande supplering, blei Vefsna, Langvella og dei nedre delane av Tovdalsvassdraget tekne inn i Verneplan for vassdrag.

Regjeringa kom våren 2009 med framlegg til ny lov om fornybar energi til havs og ein nasjonal strategi for havbasert fornybar energi. Lovframlegget gir offentleg styring og kontroll med disponeringa av fornybare energiressursar til havs.

Lovframlegget frå Regjeringa om utleige av vasskraftproduksjon blei vedteke av Stortinget i juni 2009.

I 2008 rapporterte Enova om at føretaket har inngått avtaler om fornybar energiproduksjon og energisparing på 2,15 TWh.

Den totale petroleumsproduksjonen på norsk sokkel var på 242 mill. Sm<sup>3</sup> oljeekvivalentar i 2008. Det er 22 mill. Sm<sup>3</sup> mindre enn produksjonen i 2004, som historisk sett er den høgaste. Nedgangen, som blir dempa av auka gassproduksjon, skuldast i hovudsak fall i oljeproduksjonen. Olje, NGL og kondensat utgjorde 59 pst. av den samla petroleumsproduksjonen.

Gassproduksjonen var i 2008 på 99 milliardar Sm<sup>3</sup>. Verdien av olje- og gasseksporten var i 2008 på 600 milliardar kr. Det er ein auke i eksportverdien på 18 pst. frå året før. Netto kontantstraum til staten frå petroleumsaktiviteten var på 470 milliardar kr i 2008.

Små og mellomstore felt som Alvheim, Vilje og Volve blei sette i produksjon i 2008.

I samband med samanslåinga av Statoil og petroleumsverksemda i Norsk Hydro slutta Stortinget seg til framlegget frå Regjeringa om at staten ved OED skulle auke eigardelen sin frå 62,5 pst. til 67,5 pst. i det samanslattede selskapet. Dette blei gjennomført frå sommaren 2008 til våren 2009.

Auka internasjonalisering av energinæringa er viktig av fleire grunnar, her medrekna klima og næringsutvikling. Regjeringa har derfor i samarbeid med energinæringa opprettet eit samarbeidsprosjekt for å auke internasjonaliseringa av den norskebaserte energinæringa. INTPOW, Norwegian Renewable Energy Partners, blei starta opp i mars 2009 og har no om lag 15 partnarar.

Også i 2009 er nivået på løvyingane til investeringar, drift og vedlikehald til jernbane og veg høgt. Regjeringa har bl.a. prioritert trafikktryggleik høgt. Etter fire år ligg løvyingane over rammene i stortingsvedtaket om Nasjonal transportplan 2006–2015.

Det er vedteke reglar som skal styrke rettane til dei tilsette i kollektivtransportsektoren. Ved alle anbodsoverdraginger skal dei tilsette ha dei same rettane som ved overdraging av verksemder.

Løvyinga til Belønningsordninga for betre kollektivtrafikk og redusert bilbruk blei dobla i 2009. I 2009 har Samferdselsdepartementet inngått fireårige avtaler med byregionane Kristiansand og Trondheim, som har vist vilje til å forplikte seg til ei ytterlegare styrking av verkemiddelbruken retta mot biltrafikk.

Regjeringa la i juni fram ei melding om verksemda i

Avinor AS. I samband med det la Regjeringa fram ei tilbakspakke på om lag 900 mill. kr som skal bidra til at Avinor kan gjennomføre nødvendige tryggleiksinvesteringar på flyplassane sine.

Regjeringa har fatta eit prinsippvedtak om å betre rammevilkåra for Moss lufthamn, Rygge.

For å sikre at leveringspliktige post- og banktenester av god kvalitet kan bli levert til alle i heile landet, er det i 2009 løyvt 518 mill. kr til statleg kjøp av post- og banktenester. Regjeringa la i 2009 fram «Handlingsplan for samiske språk», slik det blei varsle i melding om samepolitikken 2008.

**Presidenten** mottok på Stortingets vegne de oppleste dokumenter og uttalte:

Deres Majesteter, Deres Kongelige Høyhet, gode kollegaer!

Det 154. storting trer sammen til gjerning i en uke hvor FN nok en gang har kåret Norge til verdens beste land å bo i.

Det er et uttrykk for at våre forgjengere i denne salen har lyktes med det forrige århundres store løft: å utvikle Norge fra et av Europas fattige land til et velferdssamfunn som favner bredt, som er trygt og gir muligheter for alle.

Det er den arv vi som stortingsrepresentanter må ivareta og videreutvikle.

Spesielt er det viktig å huske at også i vårt velferdssamfunn er det mange som faller utenfor. Vår fremste oppgave må være å bedre hverdagen nattopp for dem.

Norge er et lite land som kulturelt, økonomisk og næringmessig er integrert i den globaliserte verden. Derfor merker også vi virkningene av den internasjonale finanskrisen.

Arbeidsløsheten i Europa er nå på sitt høyeste siden annen verdenskrig. I våre nærmeste naboland ser vi sterkt økende ledighetsstall.

Også mange norske arbeidsplasser, særlig i konkurransutsatt sektor, har store utfordringer foran seg.

Det er grunnleggende å ha et arbeid å gå til for å kunne ta del i samfunnet.

Jo flere som er med på å skape, jo mer blir det å dele. Arbeidet for å sikre arbeid til alle vil derfor være Stortings viktigste oppgave i denne perioden.

Klimaendringene er en annen stor felles internasjonal utfordring. Asia er herjet av sitt verste uvær på årtier. Milioner av mennesker er truet av tørke i Afrika. Også her hjemme må vi forberede oss på at ekstremvær vil bli mer vanlig i framtiden.

Klimatoppmøtet i København blir viktig for arbeidet med å begrense klimautslippene og en pekepinn på verdenssamfunnets vilje og evne til å finne sammen om de nødvendige løsninger.

Velferdsutviklingen gjør også at vi lever lengre. Antallet pensjonister øker i årene framover. Det er en utvikling som beriker samfunnet og skaper nye utfordringer for folketrygden. Derfor er det viktig at alle som kan bidra i arbeidslivet, får mulighet til det. Økende inn- og utvandring skaper også nye utfordringer som velferdsstaten må tilpasses.

Arbeidet med å videreutvikle velferdsstaten for vår tid vil prege dette stortingets arbeid. Vi må stå sammen om velferdsstaten og den nordiske modellen.

I det nyvalgte storting er det 104 stortingsrepresentanter som har fått fornyet mandat. 65 nye stortingsrepresentanter er innvalgt i nasjonalforsamlingen. Slik både videreføres og utvikles erfaringene i det nye storting i god parlamentarisk tradisjon.

For første gang siden 1969 har folket i valg gitt en sitende flertallsregjering fornyet mandat. Flertallet gir Regjeringen forutsigbarhet i sitt arbeid, men det forplikter også Regjeringen til å ha god kontakt med Stortinget.

Heller ikke en flertallsregjering kan regne med automatisk å ha Stortingets flertall bak seg, den må legge vekt på å representere stortingsflertallet. Eller som Johan Sverdrup sa det før innføringen av parlamentarismen:

«Der kan ikke længer regjeres uden Storthinget, der maa regjeres med Storthinget.»

I store nasjonale spørsmål er det viktig at det bygges en bred politisk plattform, slik det også har skjedd i foregående stortingsperiode. Spørsmål om innbyggernes pensjoner eller om forholdet mellom stat og kirke er eksempler der bred enighet sikrer forutsigbarhet over tid.

I årets stortingsvalg valgte 76 pst. å bruke sin stemmerett. Det er vårt ansvar å finne former for arbeid som engasjerer og inspirerer til aktiv deltagelse i politiske prosesser.

Samtidig med stortingsvalget har vi også hatt sametingsvalg. 20 år etter det første sametingsvalget er det en styrke for vårt demokrati at samiske politiske og kulturelle rettigheter ivaretas gjennom valg til eget ting.

Når Deres Majesteter Kongen og Dronningen deltar under Sametingets åpning førstkommande tirsdag, er det et viktig uttrykk for Sametingets betydning.

Grunnloven er bærebjelken i vårt folkestyre. Den er endret mange ganger. I forrige periode avskaffet vi Odelsinget og Lagtinget. For denne stortingsperioden er det 25 grunnlovsforslag til behandling.

Vårt demokrati lever. Det er opp til oss alle å utvikle det videre.

I forvissning om at representantene vil gjøre sitt ytterste for å løse de mange og store oppgavene som ligger foran oss, samler vi oss i det gamle og gode ønsket: Gud berøvre Kongen og fedrelandet!

Stortings øvrige medlemmer istemte dette ønsket, og alle de tilstede varende sang deretter første vers av fedrelandssangen, «Ja, vi elsker».

Hans Majestet Kongen, Hennes Majestet Dronningen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen med følge forlot deretter stortingssalen, ledsaget av den deputasjon som hadde fungert ved mottakelsen.

**Presidenten:** Presidenten vil foreslå at Hans Majestet Kongens tale og beretningen om rikets tilstand og bestyrrelse utlegges for behandling i et senere møte – og anser det for vedtatt.